

# Fangstrapportering

Send SMS til 2105 etter avslutta fiskedøgn og basis oppsettet i meldinga er:

**SMS (2105): VIKEDAL SONE VEKT NAMN**

Med dette oppsettet rapporterast laks som er avliva inn.

For andre rapporteringar må det i tillegg settast inn kode framom vekt i SMS'en:

- CR** framom vekt på laks som er satt ut att
- A** framom vekt på aure (CR kjem automatisk på all aure)
- R** framom vekt på regnbueaure
- P** framom vekt på pukcellaks
- O** framom vekt på oppdrettslaks

Fiskedøgn utan fangst sett inn 0 på vekt

## Det kan meldast inn fleire fiskar i same SMS!

Om ein melder inn fleire fiskar, må laks som er avliva komme først, då avliva laks er utan kode framom vekt.

Koden som blir satt inn framom vekt vil gjelde for all etterfølgande fisk, fram til ny kode settes framom vekt.

## Døme (fleire fiskar):

Fisk tatt i Vikedalselva, sone 1 av Namn Namnesen:

**SMS (2105): Vikedal 1 5 CR 3 A 1,2 1,1 Namn Namnesen**

FANGST:

- Laks 5 kg avliva
- Laks 3 kg Catch & Release
- Aurar 1,2 kg og 1,1 kg Catch & Release